
Fra: Solfrid Burkeland Smith
Sendt: 12.04.2010
Til: postmottak SD
Kopi:
Emne: høring - datalagringsdirektivet

Hei!

Hordaland Senterungdom ønskjer å seie nei til datalagringsdirektivet. Me meiner direktivet går ut over privatlivet til i for stor grad, me vil med direktivet konstant vera overvåka og det ønskjer ikkje Senterungdommen at menneske skal oppleve i Noreg.

Argumentet om å bruka datalagringsdirektivet som ledd i ei etterforsking er allereie i vareteken i lova, jf. § 215 a i straffeprosessloven. Me meiner difor at det ikkje er grunn nok til å innføra direktivet sidan ein kan forsvare datalagring i høve ei etterforsking. Alle nordmenn er ikkje kriminelle og treng difor ikkje verta konstant overvåka.

La oss behalda friheiten vår, bruk heller straffeprosesslova og etterforsk dei som er mistenkte. La oss andre sleppa å føla oss mistenkte.

Mvh Hordaland Senterungdom